

# Kravsmål om mellombels sikring

**Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:**

- Fimland, Helge (03.01.1962), signert 22.03.2023 med Signicat Sign BANKID



## **Det signerte dokumentet inneholder**

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



## **Dokumentet er forseglet av Posten Norge**

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



## **Slik ser du at signaturene er gyldig**

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

## Kravsmål om mellombels sikring

NB! Sjå informasjonen som står heilt sist i dokumentet før du fyller ut kravsmålet.

<b>Domstol</b>
Namn på domstol <b>Hordaland Tingrett</b>

<b>Saksøklar</b> Dersom det er fleire saksøklarar, må det fyllast ut informasjon om alle desse. Legg ved ei eiga oversikt over partane dersom det er for lite plass.		
Fullt namn Helge Fimland	E-postadresse helge@fimland.net	
Bustadsadresse Hellebrekkene 25	Telefon privat	
Postnummer 5957	Poststad MYKING	Telefon mobil 90138274

<b>Saksøkte</b> Dersom det er fleire saksøkte, må det fyllast ut informasjon om alle desse. Legg ved ei eiga oversikt om skjemaet ikkje har plass nok.		
Fullt namn Kjell Rune Melingen	E-postadresse kjell.melingen@siemens-energy.com	
Bustadsadresse Dolvikhaugene 88	Telefon privat	
Postnummer 5252	Poststad SØREIDGREND	Telefon mobil 92450199
Namn på advokat/prosessfullmektig	Adresse til advokat/prosessfullmektig	

<b>Saka gjeld</b> Bruk 1-2 setningar. Døme: Saka gjeld krav om arrest i bankinnskot Saka gjeld krav om stopp i grunnarbeid på naust som vil komma i konflikt(led; over) tinglyst båtslipp skinner. Pr. no ligg der ein etablert slipp m/skinner som tiltakshaver vil bygge over.
---

<b>Påstand</b> Det du ønskjer å oppnå. Til dømes: 1. Lars Holm blir gitt arrest i Peder Ås sitt bankinnskot på konto nr 1234 56 78910, avgrensa oppover til kr 400 000. 2. Peder Ås blir dømd til å betale saka sine kostnader.	
1.	
2.	
3.	
4.	

Dokumentet er signert digitalt av:

• Fimland, Helge (03.01.1962), 22.03.2023

Forseglet av



Posten Norge

5.	
----	--

Dokumentet er signert digitalt av:

- Firland, Helge (03.01.1962), 22.03.2023

Forseglet av



Posten Norge

### Hovudkrav

- For at ein skal kunne ta arrest i eit formuesgode, må ein sannsynleggjere eit pengekrav, som arresten skal verke til sikring for, sjå tvistelova § 32-1 (2) og § 33-3 (1)
- Dersom ein har eit krav som går ut på neko anna enn betaling av pengar, kan ein krevje mellombels tiltak. Til dømes kan ein krevje at utgjevinga av ei bok blir stoppa. Hovudkravet må alltid sannsynleggjerast, sjå tvistelova § 32-1 (3) og § 34-2 (1).

Beskriv hovudkravet

- **Naustet til 40/112 kan ikkje byggjast over servitutt.**  
Båt slippen har lagt der sidan byrjinga av 1960 åra. I 1994 var slippen overført til nye eigarar ved tinglyst avtale 22.08.94 , dagboknr. 10495  
I 2006 vert det skilt ut ein tomt 40/112 som går over båtslippen. Den 04.05.2020 får eigar av 40/112 byggetillatelse til eit naust som er så stort at det vil ligge over båtslippen.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fimland, Helge (03.01.1962), 22.03.2023

Forseglet av



Posten Norge

<p><b>Sikringsgrunn</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det må alltid liggje føre ein sikringsgrunn, sjå <u>tvistelova § 33-2</u> og <u>§ 34-1</u>. Det vil seie at ein må sannsynleggjere at: <ul style="list-style-type: none"> <li>o kravet kjem til å gå tapt, eller at det kjem til å bli vesentleg vanskelegare å drive inn eller gjennomføre kravet om ein ikkje får mellombels sikring</li> <li>o det er nødvendig for å få ei mellombels ordning i eit omtvista rettsforhold for å avverje ein vesentleg skade eller ulempe, eller for å hindre valdshandlingar som åtfærd til saksøkte gir grunn til å frykte for</li> </ul> </li> </ul> <p>Beskriv sikringsgrunnen</p>
<p>Det er allereie komt entreprenør på staden og begynt arbeid, så det hastar <b>VELDIG</b> å få ein mellombels sikring. Om ikkje vil skadane på båtslippen/skinnene være veldig totale.</p>
<p><b>Eventuelt krav om handsaming utan rettsmøte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vanlegvis skal retten kalle inn begge partar til eit rettsmøte med munnleg forhandling over kravsmålet, sjå <u>tvistelova § 32-7</u>.</li> <li>- I særskilde tilfelle, dersom det ligg føre fare for tap ved opphald, kan ein krevje at retten handsamar kravsmålet utan at det er gjennomført ei munnleg forhandling på førehand, sjå <u>tvistelova § 32-7</u> andre ledd. Den som arresten/tiltaket vedkjem, kan då krevje ei etterfølgjande munnleg forhandling, jf <u>tvistelova § 32-8</u>.</li> <li>- Dersom du meiner det ligg føre ein fare for tap ved opphald, kan du gjere greie for dette her.</li> </ul>
<p>Dette hastar <b>veldig</b> og vårt håp er at me klarer å redde båtslippen før den blir ødelagt/fjerna eller steina ned.</p> <p>Håpar me får prioritet.</p>

Dokumentet er signert digitalt av:

• Fimland, Helge (03.01.1962), 22.03.2023

Forseglet av



Posten Norge

<b>Skriftlege bevis</b>			
Døme: Kontraktar/avtalar, fakturaer, brev/e-post, skøyte, målebrev, testament			
Set nummer på vedlegga. Nummerer også kvar side.			
Nr.	Beskriv beviset	Dato på beviset	
1	Godkjendt båtslipp frå Alver Kommune/Statsforvaltaren	02.03.23	
2	Tinglyst avtale på båtslipp	22.08.94	
3	Byggetillatelse 40/112	04.05.20	
4	Bilder		
5			
<b>Vitne</b> Personar som du ønskjer skal forklare seg			
Nr.	Namn	Adresse	Kort om kva vitnet skal forklare seg om
1			
2			
3			

Dato og stad	Underskrift
Myking 22.03.2023	
Sett opp med hjelp frå	

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fimland, Helge (03.01.1962), 22.03.2023

Forseglet av



Posten Norge

## Informasjon til den som vurderer å ikkje bruke advokat

Bør du føre saka sjølv, eller bør du kontakte advokat?

Det er viktig at du veit kva rettsleg handsaming inneber før du fremjar ei sak for domstolen. Dersom du taper saka, må du som hovudregel dekkje motparten sine sakskostnader. Etter at tingretten har teke imot kravsmålet, kan du vanlegvis ikkje trekkje saka utan å måtte dekkje gebyr og sakskostnadene til motparten. Du finn fleire opplysningar [www.domstol.no](http://www.domstol.no).

Hugs at det kan vere kostbart å velje bort råd frå ein advokat før ein tek ut stemning / fremjar kravsmål.

Domstolen har ei generell rettleiingsplikt. Ein dommar kan hjelpe deg med å setje opp ei skriftleg stemning, men dommaren kan ikkje gi deg råd i saka. Ein god advokat skal finne argument som styrkjer saka di, men òg argument som motparten kan bruke mot deg. Dersom du er usikker på kor god sak du har, bør du vurdere å bruke advokat.

Det kan òg vere mogeleg å få dekt utgifter til advokat. Mange har rettshjelpsordningar i forsikringane sine og som medlem av ei fagforeining. I større byar er det også mogeleg å få time hjå advokatvakta eller studentrettshjelp. Du bør òg undersøkje om du har krav på fri sakførsel.

Einskilde saker kan det òg passe å handsame i konfliktrådet. Tvistar mellom partar som skal ha ein relasjon også i framtida, til dømes konflikhtar mellom naboar og konflikhtar i arbeidsforhold, er døme på saker der mekling i konfliktrådet er særleg eigna.

### Rettsgebyr

Gebyr må **alltid** betalast før tingretten kan handsame saka. Storleiken på inngangsgebyret i saker om mellombels sikring finn du på [domstol.no/rettsgebyr](http://domstol.no/rettsgebyr).

### Munnleg forhandling

Med mindre dommaren finn at det ligg føre ein fare for tap ved opphald, skal det kallast inn til munnleg forhandling over kravsmålet. Denne blir vanlegvis lagt opp som ei forenkla hovudforhandling. Dommaren opnar med å gjere greie for opplegget for rettsmøtet.

Dersom det blir kravd erstatning for sakskostnader skal det leverast inn ei sakskostnadsoppgåve. Denne leverer ein vanlegvis inn når den munnlege forhandlinga blir avslutta. Krev ein handsaming utan rettsmøte, bør sakskostnadsoppgåva gå fram av kravsmålet.

Dokumentet er signert digitalt av:

• Fimland, Helge (03.01.1962), 22.03.2023

Forseglet av



Posten Norge



Helge Fimland  
Hellebrekkene 25  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18082 - 23/17317

Saksbehandlar:  
Madeleine Fønnes Aase  
madeleine.fønnes.aase@alver.kommune.no

Dato:  
02.03.2023

## Avslutta sak ulovleg tilfelle - gbnr 40/2 Hodneland

**Tiltak:** Ulovleg båtopptrekk  
**Byggjestad:** Gbnr: 40/2 Hodneland

Det vert vist til brev av 11.01.2021 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til etablert båtopptrekk på gbnr. 40/2.

Kommunen har vore på synfaring, og det er motteke ulik dokumentasjon på tiltaket undervegs i saka. Dokumentasjonen som er sendt inn går mellom anna på at båtopptrekket har vore på eigedommen tidlegare, og er seinare fjerna av andre enn tiltakshavar. Det vart difor etablert eit nytt båtopptrekk på det som er skildra som same plassering som det førre båtopptrekket. Det er uklart kva tidsperspektiv det er mellom fjerning av gammalt båtopptrekk og etablering av nytt båtopptrekk.

Tiltaket var søknadspliktig og hadde trong for dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad, arealføremål i sjø, byggegrense mot sjø og plankrav. Difor var tiltaket eit ulovleg tilfelle. Kommunen har plikt til å følgje opp ulovlege tilfelle, jf. Pbl. § 32-1. Kommunen sendte difor ut førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt datert 10.03.2021.

Tiltakshavar søkte om tiltaket og om dispensasjon i søknad motteken 10.06.2021 og supplert 24.09.2021.

Eigarar av båtopptrekk på gbnr. 40/2 har etter søknad til kommunen fått løyve til etablering i vedtak datert 21.01.2022 og dispensasjon for etablering av båtopptrekk i vedtak datert 01.06.2022. Vedtak om dispensasjon er seinare stadfesta av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 22.12.2022.

Oppfølging av det ulovlege tilfellet er avslutta frå kommunen si side.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilfelle er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn



Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Madeleine Fønnes Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jorunn Sjønnessen Hodneland  
Kjell Rune Melingen

Hodneland 126  
Dolvikhaugene 88

5957 MYKING  
5252 SØREIDGREN

**Mottakarar:**

Helge Fimland  
Magnar Skauge

Hellebrekkene 25  
Skauvegen 502

5957 MYKING  
5957 MYKING

# REGISTRERT

02 DES. 1994  
SORENSKRIVAREN  
I NORDHORDLAND  
DAGBOKNR.: 10495

Hodneland 22.08.94.

## AVTALE

Avtale mellom grunneier Karstein Martin Hodneland gnr.40 bnr.02 og Kjell-Åge Myrmel, Tore Malvin Natås, Kurt Arne Natås gnr.40 bnr. 96 og Magnar Skauge gnr.40 bnr.100.

Pkt. 1. Karstein Martin Hodneland gnr.40 bnr.02 gir Kjell-Åge Myrmel, Tore Malvin Natås, Kurt Arne Natås gnr.40 bnr.96 og Magnar Skauge gnr.40 bnr.100 rett til vederlagsfritt å lage vei fra eksisterende vei i Vågen, nord til parsell 40-96 og 40-100 ( tidligere tinglyst ).

Pkt. 2. Karstein Martin Hodneland gnr. 40 bnr.02 gir Kjell-Åge Myrmel, Tore Malvin Natås, Kurt Arne Natås gnr.40 bnr.96 og Magnar Skauge gnr.40 bnr.100 rett til vederlagsfritt å lage oppstillingsplass på gnr.40 bnr.02 for bilar ved parsell 40-96 og 40-100.

Pkt.3. Karstein Martin Hodneland gnr.40 bnr.02 gir Kjell-Åge Myrmel, Tore Malvin Natås, Kurt Arne Natås gnr.40 bnr.96 og Magnar Skauge gnr.40 bnr.100 rett til vederlagsfritt å lage/utbedre eksisterende slipp/båtopptrekk på gnr.40 bnr.02.

Pkt. 4. Kjell-Åge Myrmel, Tore Malvin Natås, Kurt Arne Natås gnr.40 bnr.96 og Magnar Skauge gnr.40 bnr.100 vil være eiere og de som gir brukstillatelse til evt. senere brukere av pkt. 1,2,3.

Pkt. 5. Jeg, Karstein Martin Hodneland gnr.40 bnr.02 forbeholder meg bruksrett til pkt. 1,2,3.

### GENERELT :

Pkt. 1,2,3 skal senere holdes vedlike av alle brukere. Brukere som skader vei, oppstillingsplass eller slipp unødig, plikter å rette opp evt. skader. Veien vil bli stengt med bom, for å unngå unødig ferdsel.

KARSTEIN Martin Hodneland  
Karstein Martin Hodneland

grunneier/bruker

Kjell-Åge Myrmel  
Kjell-Åge Myrmel

eier/bruker

Tore Malvin Natås  
Tore Malvin Natås

eier/bruker

Kurt Arne Natås  
Kurt Arne Natås

eier/bruker

Magnar Skauge  
Magnar Skauge

eier/bruker

NORDHORDLAND SORENSKRIVAREMBETE  
1011



Miljø og tilsyn

KOPI

Pål Arnt Stuhr Henriksen  
Kalvaneset 97  
5244 FANA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/836 - 20/21950

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
04.05.2020

## Dispensasjon og rammeløyve til oppføring av naust - gbnr 40/112 Hodneland

**Administrativt vedtak. Saknr: 442/20**  
**Tiltakshavar:** Kjell Rune Melingen  
**Søknadstype:** Søknad om rammeløyve utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4.

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel punkt 2.2 – plankrav, punkt 2.6.1 – byggegrense mot sjø og punkt 3.1.2 – forbod mot naust i arealformål fritidsbustad for oppføring av eit naust.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 bokstav e, vert det gjeve rammeløyve for oppføring av eit naust på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast innfor eigedomsgransene, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Grunnmuren skal byggast av stabla natustein, jf. pbl § 29-2.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Løyve i frå havnemynde for arbeidet i sjø.

Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust med bygd areal (BYA) ca. 40 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid som fundament for naustet. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå Kommunedelplanen for Lindås KDP pkt. 2.2 – Plankrav, punkt 2.6 byggeforbud mot sjø og punkt 3.1.2 forbod mot naust.

Det vert elles vist til søknad mottteken 03.12.19 og supplert 16.04.20.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett då han vart motteken. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg sækjar ved brev av 20.03.20. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg sækjar 16.04.20.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som *Fritidsbustad (BFR)*.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå KDP pkt. 2.2 – Plankrav, punkt 2.6 byggeforbud mot sjø og punkt 3.1.2 forbod mot naust.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

**Søknaden gjelder for bruk nr 40/112 på Hodneland i Lindås kommune ifm dispensasjon og tiltak for å gjenreise naust.**

Tomten vår er satt av til naust, og det har stått et naust på tomten fra 1950 årene. Naustet som sto på 40/112 fram til 2007 ble kjøpt av Karin Edvardsen i 1982 og ble godkjent fradelt fra eiendom 40/2 i 2006, (se vedlegg 6). I 2007 måtte vi rive naustet for å hindre personskafer etter skader fra en storm hvor deler av naustet fløy på sjøen. Naustet hadde fellesvegg med nabo naust 40/2. (se vedlegg 4 flyfoto fra 2003 og 2009)

Naustet vil følge kommuneplanen pkt 3.4.5 bokstav b når det gjelder størrelse og lokal byggeskikk. Naustet vil bli 40 kvm og maks mønehøyde 5 meter fra innvendig gulv. Taket vil være saltak og ha en takvinkel på mellom 35-40°. Området naustetomten ligger i er lagt til rette for naust, ref kommuneplanen 2.53 når det gjelder arealformål. Naustet vil ikke komme i konflikt med båtopptrekk som ligger bak tomten min.

Det bør vektlegges at det har stått et naust på eiendom fram til 2007.

Det gamle naustet sto på støpte påler, men grunnet økt havnivå de senere årene ønsker vi å heve grunnen ved å fylle i naturstein på tomten som grunnfundament for naustet. Tilsvarende løsning er godkjent tidligere ifm bygging av naust på nabotomt 40/96. Dette vil også gi økt grunnstabilitet for naustet på langsikt. Vi ønsker at grunnflaten på naustet skal være over havnivå når det er flo, og dette gjør vi ved å fylle i naturstein. (se vedlegg 5 bilder fra tomten).

Det vil bli lagt stor vekt på fra vår side at naustet bygges slik at det ikke forurenser eller er til ulempe for naboer og øvrig omgivelsene. Videre vil naustet bygges arkitektonisk slik at det passer best mulig inn med eksisterende naust i område. Det vil bli lagt stor vekt på fra vår side at vi ikke skal krenke allmennhetens interesser.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn slik uttale frå Fylkesmannen i Vestland den 15.04.20. Oppsummert sier fylkesmannen følgande:

Fylkesmannen er i utgangspunktet negativt til at strandsona vert utbygd dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging. Vi kan ikkje sjå at det er særlege samfunnsinteresser i denne saka. Fylkesmannen vil likevel ikkje motsette seg at det vert oppført eit naust som i vesentleg grad er likt det som var øydelagt i 2007. Vi er derimot kritisk til at det nye naustet skal stå på ei fylling i sjøen, og ikkje på søyler slik det gamle naustet var. Dette vil føre til vesentleg større inngrep i strandsona, enn det som har vore her før.

Bergen og Omland Farvannsforvaltning (Bergen Hamn) har ikkje merknad til saka, men dei minnar om at tiltaket også er søknadspliktig etter havne- og farvannsloven.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre slik merknader frå fleire naboar. Hovudmomenta i merknadana går på private rettigheitar på tilkomstvegen, både under bygging og for naustet generelt. Det er også ein merknad på ein båsslipp som ligg nære.

Tiltakshavar har kommentert nabomerknadane. I hovudtrekk meiner han at han har dei nødvendige rettigheitane, og at naustet ikkje vil være i vegen for båtslippen.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.06.14. På situasjonsplanen kan det sjåast ut som naustet skal byggast ut over eigedomsgrensa. Når ein ser på tekningane av naustet så ser ein at dette ikkje er tilfelle. Tiltakshavar har også bekrefta at han skal holda seg innafør eigedomsgrensene på naustetomta.

Det er søkt om topp golv høgare enn flo sjø og med ein mønehøgde på 4,92 meter.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst samsvar med pbl. § 27-4. Kommunen godkjenner at parkeringsplassen ligg på ein fritidseigedom som ligg i underkant av 300 meter inn på land. Det er gangtilkomst til naustet i frå parkeringsplassen. Det ligg føre tinglyst avtale om parkeringsrett på gbnr. 40/16 av 07.04.20.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søkjar opplyst at grunnmuren skal utførast av ein stablet natursteinsmur.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

For å ruste naustet betre i mot høg vannstand, ønskjer tiltakshavar å heve grunnen noko i forhold til naustet som stod der før. Han ønskjer også å benytte naturstein som grunnfundament. Dette vil i følgje tiltakshavar gi eit meir solid og robust naust.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17), jf. pbl. § 29-5.

## **Avfallsplan**

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Forvaltningspraksis i kommunen er normalt streng for naust som søkast oppført utanfor etablerte og godkjente nausteområder. Derimot ligg det i denne saka føre nokre forhold som gjer at vi ser litt annleis på saka.

For det første skal naustet førast opp på ein etablert naustetomt, som ligg ytterst i ei allereie etablert nausterekke. Ålmenta vil i hovudsak ikkje bevega seg i dette området, då det i området rundt ligg mange andre moglegheit for rekreasjon. Plasseringa hindrar derfor ikkje ålmentas moglegheit til sjøen i særleg grad.

Naustet byggast også i tråd med kommuneplanens rettningslinjar for naust, når det kjem til utforming, storleig og samla plassering av naust.

Vidare har det i nyare tid lagt eit naust på naustetomta. Dette ble skadd i ein storm, og eigar måtte av sikkerheitsomsyn rive resten av naustet. Dette meiner vi bør leggast vekt på i ein dispensasjonssøknad. Vi har også sett kva den nye kommunedelplanen sin arealdel (KDP) seier om gjenoppbygging av naust. I KDP punkt 3.4.5 gis det anledning til å erstatta lovlege etablerte naust i nausteområder. Sjølv om ikkje punkt 3.4.5 er juridisk binnande for den aktuelle naustetomta, så gir den rettfeiling til kva slags linje kommunen har til gjenoppbygging av naust. Dette har ei samfunnsmessig betyding, då innbyggjarar som rammast av storm og flaum ikkje skal straffast ekstra hardt ved at dei ikkje kan gjenoppbygge sine bygningar.

Til slutt meiner vi at innvilga dispensasjonar ikkje har noko særleg negativ presedens for området. Denne naustetomta er ein av få i området, samt den har en gunstig plassering. Etersom det på denne naustetomta har stått eit naust i nyare tid, vil eit løyve kun gi presedens på tilsvarende naustetomtar der det nylig har stått naust.

Etter ein samla vurdering meiner vi at fordelane er klart større enn ulempene for gjenoppbygging av naustet. Vidare meiner vi at omsyna bak føresegna om plankrav, byggeforbod i strandsona og forbod mot naust i KDP ikkje vert sette vesentlig til sides viss det blir gitt dispensasjon.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf. pbl § 29-4 3. ledd bokstav b.

### **Visuelle kvalitetar**

Ettersom grunnmuren skal byggast i stabla naturstein, og at naustet forhelst seg til føresegna i KDP punkt 3.4.5 (utforming av naust), meiner vi at tiltaket har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Nabomerknad og privatrettslege tilhøve**

Nabomerknadane går i hovudsak på kva rettigheitlar tiltakshavar har når det gjeld vegen. Naboar meiner tiltakshavar ikkje har dei nødvendige rettigheitane til å ferdast på vegen med kjøretøy. Gangadkomsten til naustet er ikkje omtvist.

Tiltakshavar meiner på si side at han har dei nødvendige rettigheitane, sekundært at rettigheitane ikkje er nødvendige for å få et løyve til naustet.

Når det gjeld plan- og bygningslovens krav til adkomst i § 27-4, så er dette kravet sikra ved at tiltakshavar har tinglyst ein parkeringsplass på sin fritidseigedom i nærheita. Kommunen har godkjent denne løysinga. I frå parkeringsplassen er det gangadkomst til naustet. Slik kommunen vurderar saka, er denne løysinga tilstrekkeleg til å gi et løyve på oppføring av naust.

Kommunen presiserar derimot at vi ikkje har tatt stilling til kva rettigheitlar som faktisk finst på vegen ned til naustet. Byggesaksmyndiheita har ikkje mynde eller grunnlag for å avgjæra ein slik tvist som her ligg mellom naboar og tiltakshavar. Dette må løstast mellom partane privat.

Vi understrekar vidare at tiltakshavar må ha dei private rettigheitane han treng for å bygge naustet. Vi har vidare ikkje tatt stilling til korleis naustet skal byggast.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Før arbeidet kan starte**

Før arbeidet kan settast i gang må det søkast om igangsettingsløyve. Vilkåra i rammeløyvet må dokumenterast oppfylt i igangsettingssøknaden.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/836**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Eirik Berntsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 3 Naust Plan, snitt og fasadetegninger  
Vedlegg 2 Situasjonsskart\_G.nr.40 B.nr.112


#### **Kopi til:**

Fylkesmannen Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Helge Fimland	Hellebrekkene 25	5957	MYKING
På Arnt Stuhr Henriksen	Kalvaneset 97	5244	FANA


#### **Mottakarar:**

Kjell Rune Melingen	Dolvikhaugene 88	5252	SØREIDGREN
---------------------	------------------	------	------------









## Dokumentsamling i sak 23-045386TVI-THOD/TVI-

1 Signert - Kravsmål om mellombels sikring fra Fimland, Helge 2023-03-22.....	1
Bilag 1: Avslutta sak ulovleg tilfelle - gbnr 402 Hodneland.pdf.....	8
Bilag 2: Tinglyst avtale om veg slipp etc.pdf.....	10
Bilag 3: Byggetillatelse nøst.pdf.....	11
sys_flett_sdm_kopimottaker.....	11
Sdm_AMNavn.....	11
Sdm_Att.....	11
Sdm_AMAdr.....	11
Sdm_AMPostNr.....	11
Sdm_AMPoststed.....	11
Sgr_Beskrivelse.....	11
Spg_paragrafID.....	11
Sdm_AMReferanse.....	11
Sbr_Navn.....	11
Sdo_DokDato.....	11
Sas_ArkivSakID.....	11
Sdo_DokIDKort.....	11
Sbr_EmailAdr.....	11
Sdo_Tittel.....	11
Ssa_SaksnrUtvalg.....	11
Sas_ArkivSakID__1.....	16
TblVedlegg_ndb_Tittel__1__1.....	16
TblVedlegg_ndb_Tittel__2__1.....	16
TblKopitil_Sdk_Navn__1__1.....	16
TblKopitil_Sdk_Adr__1__2.....	16
TblKopitil_Sdk_Postnr__1__3.....	16
TblKopitil_Sdk_Poststed__1__4.....	16
TblKopitil_Sdk_Navn__2__1.....	16
TblKopitil_Sdk_Adr__2__2.....	16
TblKopitil_Sdk_Postnr__2__3.....	16
TblKopitil_Sdk_Poststed__2__4.....	16
TblKopitil_Sdk_Navn__3__1.....	16
TblKopitil_Sdk_Adr__3__2.....	16
TblKopitil_Sdk_Postnr__3__3.....	16
TblKopitil_Sdk_Poststed__3__4.....	16
TblAvsmot_Sdm_Amnavn__1__1.....	16
TblAvsmot_Sdm_Amadr__1__2.....	16
TblAvsmot_Sdm_AMpostnr__1__3.....	16
TblAvsmot_Sdm_AMPoststed__1__4.....	16

Bilag 4: Bilder.pdf..... 17